



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
NOVEMBER 2019**



KOMMUNEHUSET Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

DIM-RENOVASJON:

Returpult for glass og hermetikk finn du ved kommunehuset.

Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

BIBLIOTEKET Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag-tysdag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

FORSIDEFOTO:

«Terje leverer ut Bjerkreimsnytt»,
foto: Tor Anton Versland

NESTE NUMMER: Neste nummer

kjem ut seinast 29. nov. Stoff til

Bjerkreimsnytt må vere inne seinast

onsdag 20.11 kl. 24.00. Skriv kort!

Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil.

Innsendt stoff kan bli redigert. Send til:

postmottak@bjerkreim.kommune.no

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON: Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVNING:

Vikeså Design og Profilering

Kan lastast ned frå

www.bjerkreim.kommune.no

Vikeså taxi:
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

GODE BJERKREIMBUAR

Nå er tida komen for å skrive for siste gong i Bjerkreimsnytt. Må nok innrømme at det er litt vemodig. Eg har hatt 4 fine år her i ordførarstolen. Det har vore krevjande og utfordrande på mange måtar, men svært lærerikt. Eg har vorte kjent med mange innbyggjarar på ein ny måte, etter mange gode og interessante samtaler her på kontoret. Har fått innspel til alle slags saker, frå dei aller minste til dei langt større og meir omfattande. Det finst mange i kommunen som verkeleg tenkjer framover. Må nok seia at eg har vorte mest overraska over at så mange eldre, godt vaksne er så opptatt av framtida, på alle områder. Det som er felles for dei aller fleste som har vore innom, er at dei vil ha ein kommune som består og utviklar seg på same måte som andre, helst betre. Ingen vil gje slepp på alle dei gode tilboda, og det gode miljøet vi har i dag.

Så vil eg få takka alle for samarbeid, innspel, gode diskusjonar og for at eg i det heile har fått vore i denne posisjonen, dei siste 4 åra. Vil også få ønske min etterfølgjer og alle andre lukke til med arbeidet for Bjerkreim kommune, i tida som kjem.

Takk for meg,
og ha ein fortsatt fin haust,
alle saman !

Tolgjøm



POLITISKE MØTE NOVEMBER

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no

NB! Partia har gruppemøte måndag 11. og 25. nov. kl. 19.00

Formannskap: Tysdag 12. nov. kl. 16.00 og tysdag 26. nov. kl. 19.00

Levekårsutval: Onsdag 13. nov. kl. 19.00

LMT-utval: Onsdag 13. nov. kl. 19.00

Kommunestyre: Måndag 4. nov. (budsjettpres.) og tysdag 19. nov. kl. 19.00

Kontrollutval: Måndag 18. nov. kl. 16.00

Fellesråd: Torsdag 21. nov. kl. 13.00



POLITIET

POLITIKONTAKT

Politikontakt Svanhild Wetteland-Skåra er vanligvis å treffe på kommunehuset tirsdager og onsdager mellom kl. 10.00 og 14.00. Bruk inngangen mot Esso. Publikum kan også kontakte Eigersund politistasjon på tlf. 02800 eller 51 89 90 00.

FORFATTARBESØK

Anne Gunn Halvorsen har prøvd å finne ut kva som gjer at vi kavar oss opp, blir stressa og utbrente. Bli med Halvorsen på ei reise i det norske stresset, der ho gjer observasjonar av tida vi lever i, og leitar fram ei rekkje gode tips for stressmeistring. For nokre kan det hjelpe å dusje etter jobb og flytte mobilen ut av soverommet. For andre skal det meir til...


Møt forfattaren av «Livet og korleis leve det» og «Stress og korleis leve med det».

Sted: Bjerkreim folkebibliotek

Tid: Fredag 29. november kl. 17.30-18.30.



Arrangementet er gratis og støtta av Rogaland fylkesbibliotek. Bokåret 2019.



Ny vald- og overgrepstelefonlinje er åpna.

Dette er ei hjelpelinje for dei som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar.

Tenesta er open DØGNET RUNDT. Ein ringer anonymt og tenesta er gratis. Tilbodet er frå 18 år og opp, og for dei som treng å snakke, få hjelp, råd og svar på spørsmål kring psykisk vold, fysisk vald og overgrep i nære relasjonar. Når ein ringer får ein snakke med ein fagperson, og dei kan hjelpe til med å

retteleie om ulike hjelpeinstansar dersom ein ønskjer det. Samtalen er uforpliktande, og dei som tek imot telefonen har ikkje meldeplikt til politiet.

Hjelpelinja er også for dei som jobber i hjelpeapparatet, eller er familie, ven eller kollega til ein som er valdsutsatt.

Telefonnummer: 116 006

Heimeside: <https://www.volinjen.no/>

Dersom ein er under 18 år, og er utsatt for vald og overgrep i nære relasjonar, kan ein ringe: Alarmtelefon for barn og unge: 116 111

Landsdekkende telefon for incest – og seksuelt misbrukte: 800 57 000

TEMASAMLING: «UTAGERENDE ATFERD»

Kommune psykolog Susana Nascimento i samarbeid med Dalane kommunene, inviterer foreldre og alle interesserte til kveldssamling med tema: Utagerende atferd

Program:

Kl. 18.15 - 19.00 «Hvorfor utagerer barn?» Ny forklaringsmodell ved traumbasert omsorg.

Kl. 19.00 – 19.30 Kaffepause

Kl. 19.30 - 20.15 «Hvordan skal vi håndtere utagerende atferd ved plan B?»

Tid: 15. november kl. 18.15 – 20.15

Sted: Sokndal Kino

Ingen påmelding kreves. Gratis.

Spørsmål: sna@sokndal.kommune.no

INFLUENSAVAKSINE PÅ HELSESTASJONEN

Måndag 04.11 kl. 9-12

Fredag 08.11 kl. 8-12

Måndag 18.11 kl. 9-12



OFFENTLEG SYMJING

Velkomen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag frå 19. oktober. Siste opning før jul er 21. des., oppstart etter nyttår 4. jan.

Prisar:

BARN: kr. 20 (1 klypp)

VAKSNE: kr. 40 (2 klypp)

FAMILIE: kr. 80 (4 klypp)

KLYPPEKORT: kr. 300 (20 klypp)

Billett kjøp i symjehallen.

LAURDAGAR (EKSTRA VARM TVATN)

Kl. 10.00 - 11.30: Vaksne over 18 år

Kl. 11.30 - 12.15: Familiebadning
(garderobe frå kl. 11.15)

Kl. 12.15 - 13.00: Familiebadning

Kl. 13.00 - 13.45: Familiebadning

Det heng lister i gangen frå kl. 10.00 for å reservere plass på dei ulike familiegruppene laurdag.

Har du vanskar med å koma innom?

Ring og reservér plass på tlf. 51 45 93 27.

Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

BLI BEDRE Å SVØMME, OG TRYGGERE I VANN!

Gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager.

• Kl. 16.30 – 17.30 for 1. – 3. trinn

• Kl. 17.30 – 18.30 for 4. – 7. trinn

Oppstart 21. okt., siste gang i 2019 er 16. des. Oppstart 2020: 6. jan.

De som ikke kan svømme, må ha følge i vannet. Dette er et svømmetilbud, ikke et tilbud om fri lek. Instruktører er til stede og veileder. Foreldre må selv ta ansvar for at sine barn oppfører seg ordentlig i garderoben.



BJERKREIM HELSELAG

BINGO

kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova
kl 13.30.

UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Ta kontakt med Ingbjörg Vassbø,
tlf 51 45 22 37, mob 486 03 535.


HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd
og rettleiing om du treng det. Siste
torsdag i månaden (ikkje juli og des.)
er vi å treffe på Coop Ekstra frå kl
10.00 – 11.00. NB! Ny tid og stad.

Marit og Torill (likepersonar)

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd.
Godt miljø.
Vanlegvis kvar 1. onsdag
i månaden. Avreise kl.
10.00 frå Esso, oppmøte
litt før.



6. nov. går turen til
Odlandstø – «Saie»
Turleiarar: Olaug Nevland (957 30
476) og Per Spødervold (915 79 672).
Dei tek med kaffi og noko å bite i.

*Arr. Fellesrådet for eldre og
funksjonshemma*

JILLE FREDAG

Til deg som går fra 7.klasse og
oppover
Velkommen til Jille Fredag på Vikeså
skule mellom kl 20.00-23.30.
Det blir bl.a spill, prating, kiosk og
musikk.
Høstens datoer: 8.11, 22.11, 6.12,
20.12. Sjekk facebooksidan vår for
mer info

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Du er velkommen til treff på Vikeså
skule, andre onsdag i kvar månad,
kl.18.30-20.30.
Onsdag 13. november og
11. desember

TRADISJONSMATHELG

09. – 10. nov. på Samfunnshuset
Åpent kl 11.00 – 17.00
Buffé-meny:
Geit og geiteprodukter
Heimelaga flatbrød
Ferske lammehaler
Sauaføda og sauahåve
Pinnakjøtt av spælsau og geit
Komle og blodkomle
Dessert: Sviskegraut, riskrem

Arr: Bjerkreim sau og geit, Nortura

TRADISJONSMATSKOLEN 2019:

JULEBAKST

18. november kl. 18.00 – 21.00 på
Bjerkreim skulekjøkken. De sju slaga.
Vi baker de tradisjonelle julekakene
sammen.
Materialkostnader.
Påmelding til Liv Karin, tlf. 91729184,
innen 10. november.

JULEPÅLEGG

2. desember kl. 18.00 – 21.00 på
Bjerkreim skulekjøkken.
Vi lager lammerull, ribberull og
leverpostei, samt syltede rødbeter.
Materialkostnader.
Påmelding til Liv Karin, tlf. 91729184,
innen 20. november.

Arr. Bjerkreim bygdekvinneklubb

STRIKKEKAFE

Torsdag 14. november vert det
strikkekafe kl. 18.00 på Laksebørsen. Vi
får besøk frå Tove's i Egersund. Dei har
med garn og oppskrifter, og fortel litt
om sin butikk og ulike strikkeprosjekt
dei støttar.

Arr. Bjerkreim bygdekvinneklubb



KONSERT PÅ OMSORGSSENTERET

Rune Ellertsen spiller egne sanger.
Tirsdag 26. november kl. 16.30.
Gratis adgang, åpent for alle.

*Arr: Den kulturelle spaserstokken og
Bjerkreim kommune*

BJERKREIMSQUIZEN!

Årets siste quiz: Vikeså Veiservice onsdag
20.11. kl.19.30
Quizmaster: Annette Olden Nedrebø
Startkontingent kr. 30,- pr. pers.

EVENTYRSKOGEN

Fredag 22. november vert det
Friluftskveld og Eventyrskog ved
Foreknuten på Vikeså. Ei lita rundløype
i skogen der kulturskuleelevar tek
oss med på tur med innslag av kjente
eventyr. Avgang frå kunstgrasbanen kl
18.00, 18.30 og 19.00. Avsluttes ved
gapahuken, der Friluftsrådet serverer
balkaffi og kakao, og ein kan ta med
eigen grillmat. Annonsert friluftskveld
4. des. er flyttet til denne datoen (22.
nov.) Sjå elles facebooksidan til Bjerkreim
bygdekvinneklubb for meir info.

Arr. Bjerkreim bygdekvinneklubb

JULEMØTE HAGELAGET

Tid: Tirsdag 26. nov kl. 19.00.
Sted: Anne Rita Gudmestad, Litla Sveta.
Det vart demo av advent- og
juledekorasjoner. Utlodning, kaffi,
julekaker og riskrem. Inngang kr. 100,-
Ta kontakt på tlf. 415 29 508 ved
spørsmål.
Alle velkomne.

LATINRYTMER

Stor kveld på Pittergarden med:
DALANE STORBAND
Musikere fra Dalane regionen/
Flekkefjord
TANGO SPLEEN TRIO
Italiensk/ Argentinsk. Et av vår tids
mest kjente orkestre i denne sjangeren.
Gjeste vokalist Anne Margrethe Vikeså
MIX UT PÅ KVelden
FREDAG 08.11. ÅPENT FRA KL. 20.00
KONSERT FRA KL. 20.30
Inngang kr. 200,-
Billetsalg ved døren. 20 års aldersgrense.
Info tlf. 48181804

Arrangør: MK Klangfeel

KIOSKDRIFT I BJERKREIMSHALLEN

Stiftelsen Bjerkreimshallen ønsker å
komme i kontakt med personer (gjerne
pensjonister) som har anledning og lyst
til å være med på kioskdirift i den nye
hallen vår.
Ta kontakt med Marthon Skårland for
mer info.



JULEGRANTENNING VED KULTURBANKEN PÅ VIKESÅ

Fredag 29. november kl. 18.00
Velkommen v/ varaordfører Tone Vaule. Sammen teller vi ned til lysa i juletre og julegate blir tent. Gang rundt juletreet med forsangere og band fra Bjerkreim kulturskole. Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken, alt etter været. Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 21. november kl. 14.00 – 17.00.
Stad: Litlesalen, Samfunnshuset.
Underholdning: Jostein Laksesvela trekkspel, Åse Kari Bråddli, Synnøve G. Helland og Ida Husveg; song og gitar. Kjersti Søyland Bye kåserer! Alle er velkomne.
Takk til SR-bank for sponning av husleige.

ÆTTESOGELAGET:

Bok om "Bjerkreimdrøsa" og film om Eigerøybrua
Tid: Torsdag 7. november kl. 19
Stad: Kommunehuset på Vikeså



Jorunn Kydland presenterer boka med "Eit knippe av dei Bjerkreimdrøsa som Gaute Skretting har skrivne i Dalane Tidende" og Kjellaug Bakke les frå desse. Etter pausen viser me filmen som byggeleiar Rangvald Monge laga om bygginga av Eigerøy bru i 1951.

DET SKJEDDE I DE DAGER – EN JULEKONSERT

Tid: Lørdag 14. desember kl. 19.30
Sted: Bjerkreim kyrkje
Lokale aktører og elever fra Vågen vgs. medvirker. Billett kr. 100,- selges på billetto.no og i døra (kontant og Vipps)

Arr. Sander Slettebø Grøsfjell og Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim

STILLE DAG

Stad: Misjonshuset
Tid: Lørdag 9. nov. kl. 11.00
Program:
- Nattverdsamling m. enkel liturgi
- Stille arbeid med bibeltekst
- Felles lunsj. Ta med matpakke. Det vert servert kaffe, te og frukt.
- Delestund for dei som måtte ynskje det.
Velkomne til eit litt annleis møte!

Arr: Retreat i Rogaland

BASAR PÅ BJERKREIM BEDEHUS

Fredag 15. nov. kl. 19.30.
Tale ved Klaus Muff. Song av Egersund Musikklag.
Velkommen.

Arr. Bjerkreim NMS

KRISTEN MUSLIMMISJON

Fungerande generalsekretær Eivind Flå talar på Bjerkreim Bedehus kl. 19.30:
Fredag 1.11: song av Varhaug Musikklag, enkel servering!
Lørdag 2.11: song av Liv Valbjørg og Synnøve

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

01. kl. 20.00 Fredagsklubben
04. kl. 09.30 Knerten
05. kl. 19.30 Tirsdagsmøte
06. kl. 20.00 Bønnesamvær
09. kl. 11.00 Stille dag.....
10. kl. 10.00/10.30 Søndagssamling/søndagsskole
11. kl. 09.30 Knerten
11. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
12. kl. 19.30 Bibeltime NLM
18. kl. 09.30 Knerten
24. kl. 10.00/10.30 Søndagssamling/søndagsskole
25. kl. 09.30 Knerten
25. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
29. kl. 20.00 Fredagsklubben

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no
1. og 2. kl. 19.30 Møter KMM
4. kl. 19.30 Yngres
8. kl. 19.30 Møte NLM
kl. 21.00 Fredagstreff
9. kl. 11.00 Bibeltime NLM
kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat og møte NLM med barnesamling
10. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
kl. 11.15 Søndagsskule
11. kl. 19.00 Gutte- og jentelag
15. kl. 19.30 Basar NMS
18. kl. 19.30 Yngres
22. kl. 21.00 Fredagstreff
25. kl. 19.00 Gutte- og jentelag
1. des. kl. 11.00 Endelig søndag
kl. 11.15 Søndagsskule



Kva skjer i kyrkja og på bedehusa?

Last ned

 **Infoskjermen GO**

bruk kode:

bj-kyrkja
bj-misjonshus
bj-bdhus
(gjørme alle tre)





VELKOMEN TIL
GUDSTJENESTE

Sundag 3. november kl. 19.30.

Minnegudsteneste allehelgenssundag i Bjerkreim kyrkje

Sundag 10. november

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 17. november kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Takkofter: trusopplæringa. Tårnagentane deltek. Kyrkjekaffe/soft og tårnagentkake. Presentasjon av nytt sokneråd.

Sundag 24. november kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Takkofter: misjonsprosjektet i Liberia. Lys Vaken deltakarane er med

Laurdag 30. november kl. 19.30.

Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Nattverd. Musikalsk tonefølgje band frå BUK/BUK

DØYPTE

27.10.19 Kornelius Reed Spødervold

DØDE

23.09.19 Olav Slettebø
08.10.19 Brit Tengedal
13.10.19 Tora Johanne Birkeland
14.10.19 Henrik Slettebø

LYS VAKEN

Helga 23.-24.

november er det duka for Lys Vaken i kyrkja. Då får 4. klassingane høve til å overnatte i kyrkja! Info kjem i posten til våre medlemmar, men alle 4.klassingar i soknet er hjarteleg velkommen.

Gå til denne nettsida for å melde deg på: tinyurl.com/lysvaaken19
Eller følg QR-koda:



Talantar

Hjå Matt 25, 14ff kan du lesa om denne likninga med talantar som Jesus held fram for læresveinar og dei rundt ham. Ein talent var en type penge med stor verdi. Og i likninga er det ein mann som overlét til saman 8 talantar til tenarane sine. Ein fekk 5. Ein fekk 2. Og den siste 1 talent. Tenarane fekk i oppdrag å ta vare på dei. Og dei to første investerer og tenar meir. Men den siste «sparar» talenten sin (han grev eit hol, legg pengane der, og venter til herren kjem at, så han kan gje tilbake det han skulle passe på). Når herren kjem att er han fornøgd med dei som har brukt talentane på ein sånn måte at formuen har auka. Den siste som «berre har spart» sin talent, blir kalla «ein dårleg og lat tenar».

Ein kunne kanskje tru at dette fysst og fremst er ei likning i korleis ein skal forvalte pengane i banken; eller om ein skal investera i aksjar eller obligasjonar eller i hus og heim eller drive handel. Men det er eit ordspel her som sett oss på ein annan tanke. Denne «talenten». På den tida var «ein talent» fysst og fremst ein type penge. Men me nyttar i dag ordet «talent», mykje meir om dei ulike eigenskapane me har som menneske. Nokon kan synge, danse eller fortelje historier. Nokon kan male, dramatisere, eller har eit talent innan ein eller annan idrett. Nokon har eit dyktig talent innan sitt yrke; alt i frå bønder, sjukepleier, lærar, mekanikar, butikkmedarbeidar eller noko anna. Det er få som er verdsmeister, sjølv innan det ein meistarar, men me har alle(!) noko som me mestrar i ein viss grad. Noko me har eit visst talent til. Og dette talentet, korleis brukar me det? I samanhengen likninga til Jesus står i, vil tanken raskt gå til at det handlar om å bruke talentane våre til å hjelpe våre medmenneske på veg til himmelen. Likninga om «brudejentene» står rett forut - og om «dommen» rett etter. Så lat oss være ivrige i å bruke våre talantar for Gud og Guds rike.

Soknepresten

MINNEGUDSTENESTE

- i kyrkja - Allehelgenssundag 3. november kl. 19.30 v/ Leif W. Nilsen og Eli Mari Hadland. Song av Bjerkreim syngjande kameratar. Diktlesing av Kjellaug Bakke. Lystenning. Kyrkja sin kontaktperson for familien får tilsend invitasjon for alle som er busette i soknet og som har mista nokon i nær familie. ALLE er velkomne!

SALMEKVELD

Velkommen til SALMEKVELD i lvesdal kapell torsdag 7.november klokka 19.30. Me syng songar og salmer – m.a. kjende og nye julesongar.

VISITAS

Bjerkreim får VISITAS av Stavanger biskop i tida 28.01 – 02.02.2020.

4-ÅRS SAMLING

Det vert samling for 4-åringane (barn f.2015) i Bjerkreim kyrkje 2. 12 kl. 10:00-ca 11.30. Me skal få lære litt om kyrkja, høyra bibelhistorie, laga noko fint - og eta masse frukt og kjeks.

TRAFIKALT GRUNNKURS?

Det blir høve til å ta trafikalt grunnkurs i Bjerkreim i desember dersom det er nok påmeldte! Du må ha fylt 15 år innan oppstart. Meld på her: <https://tinyurl.com/trf-GK2-19> eller følg QR-koda:



TÅRNAGENTHELG

Alle på 3. trinn er velkomne til å vera med på tårnagenthelg i kyrkja den 16. og 17. november! Laurdag frå kl. 14.00 til kl. 18.00 og sundag frå kl. 10.00 til etter gudstenesta. På samlingane kan de utforske kyrkja, bibelen, tårnet og klokkene, løysa oppdrag, læra tårnagentsongen og laga innslag til gudstenesta. Bruk skjema på tinyurl.com/tarnagent19 for å melde deg på eller følg QR-koda:



Me treng fleire frivillige vaksne til desse tiltaka! Ta kontakt dersom du kan vera med!

Me sender invitasjonar med meir info i posten til alle samlingane etter kyrkja sitt medl.register. Har de barn i ei av aldersgruppene - og ikkje får invitasjon - ta kontakt med kyrkjekontoret



OPPSAMLING OG INNLEVERING AV LANDBRUKSPLAST:

Ensilering av rundballar ved hjelp av plast er svært mykje brukt i landbruket. Vi har vorte svært avhengige av å kunna bruka plast på denne måten. For at denne bruken skal vera bærekraftig på lenger sikt er det svært viktig at vi alle handterer plasten på ein ryddig måte.

Alt plastavfall skal takast vare på og leverast til resirkulering på godkjent mottak. I Bjerkreim er det plastinnsamling i regi av DIM på Vikesdal avfallsstasjon. På DIM si internettside <http://dim.no/2016/06/03/levering-landbruksplast/> kan du finna informasjon om innlevering og sortering av rundballeplast og storsekker av plast. Det er m.a. viktig at plasten er mest mogleg rein og at han vert levert inn i passelege porsjonar.



Slik kan vi
ikkje ha det!

Det fins ingen god unnskyldning i dag for å la plasten liggja og slengja. Heller ikkje skal større mengder plast samlast inne i bygningar, på utandørs oppsamlingsplassar, ubrukte siloar eller liknande. Nedgraving og/eller brenning av plasten er og forbode. Med det sterke miljøfokusert samfunnet har i dag vil heile landbruksnæringa kome i vanry om vi ikkje tek plasthandteringa tilstrekkeleg på alvor. I verste fall vil det kunne bli forbod mot å nytta plast til ensilering og annan emballasje på landbruksprodukt.

Vi veit at dei fleste har gode rutinar for plasthandteringa, men dei som ikkje har det set heile landbruksnæringa i vanry og gir negativ reklame for Bjerkreim som naturturkommune.

Manglande avfallshandtering er å rekna som lovbrøt og kommunen har heimel i forureiningslova til å gje pålegg om fjerning og opprydding.

Dersom pålegg ikkje blir fulgt opp kan kommunen illeggja tvangsmulkt. Slike drastiske tiltak vil vi helst unngå. Difor finn vi grunn til å koma med denne påminninga.

PLANTEVERN- OG MASKINFØRARKURS

NLR/Forsøksringen arrangerer dette på Landbrukssenteret på Helleland:

- Maskinførarkurs torsdag 7. – søndag 10. november. Dersom du består kurset, vil du ha godkjent teori for gravemaskin, hjul- og gravelastar, doser, veghøvel og anleggsdumpar.
- Fornyng av autorisasjonsbevis: Kveldskurs måndag 16. og torsdag 19. mars 2020 kl. 18.30.
- 1. gongskurs: 11., 17. og 19. mars kl. 18.30 og laurdag 21. mars frå kl. 9.00.

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på 970 14 117, birgitt.harstad@nlr.no eller <https://rogaland.nlr.no>

INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årsmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804





ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

Kraftverket treningssenter

**STERKARE OG I BETRE
FORM? KOM INNOM!**

www.kraftverket-as.no



Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

Ope kvardagar
08 - 16

www.bjerkreimlegekontor.no



**coop
extra**



COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL EN
NYOPPUSSET, MODERNE
KLINIKK PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Tlf. 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 23.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!